

v/styreleiar Anne Kari Enes
Bogsnes 61
5460 Husnes

Husnes, 20.12.2013

NVE – Norges vassdrags-og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Uttale til søknad om konsesjon for overføring av Middagsvatn til Mauranger kraftverk

Vassdragsnaturen kring verneområda på Folgefonna er under sterkt press. NVE må vektlegga samla belastning på landskap og opplevingsverdi i området. Kvinnherad Turlag har tilsyn med Turisthyttene Breidablikk og Fonnabu året rundt. **Vi fryktar for endring i vassføringa i Rennedalen, som er ein mykje brukt trase og innfallsport til Folgefonna Nasjonalpark og Turisthyttene ved Folgefonna.**

Vi viser til brev 19. september 2013 frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjeldande søknad frå Statkraft Energi om konsesjon til å overføre Middagsvatnet til Mauranger kraftverk i Kvinnherad kommune (NVE saksnummer 201302845).

Kvinnherad Turlag er eit lokallag under Bergen og Hordaland Turlag og Den Norske Turistforening. Kvinnherad Turlag har 731 medlemmer. Vi skal arbeida for eit aktivt og sikkert, enkelt og naturvenleg friluftsliv. Vi har ansvar for drift og vedlikehald av Breidablikk og Fonnabuhyttene som ligg ved Folgefonna.

Friluftsjnteresser i området Middagsvatn, Trombetjørnane

Turstien frå Rennedalen er umerka, men likevel ein mykje brukt sti, sidan det er ein "snarveg" til Fonnabu-og Breidablikkhyttene og inn til Folgefonna Nasjonalpark. Vi nyttar denne ruta heile året, på ski om vinter og vår, til fots om sommaren. Ruta er krevjande, men likevel godt mogleg å gå for ungar og vaksne/eldre som er vane med å ferdast i fjellet.

I søknaden heiter det at "inngrepet ikkje vil berøre stier eller løyper" og at "området ved Middagsvatnet og Trombetjørnane ikkje er spesielt tilgjengelig".

Vi meiner at dette er feil!

Kvinnheringar og andre lokalkjende nyttar denne stien mykje gjennom heile året, på ski seinvinters og vår og til fots sommar og haust.

Vi meiner difor det er relevant å nemna at Statkraft Mauranger har **tilrettelagt for sommarferdsle** på venstresida av Rennedalsskaret (sjå bilde). Her er ruta delvis bolta og det er lagt ut kjetting til å halda seg i. Men den vegen er berre mogleg å gå om sommar og haust.



Rennedalsskaret, personen i bildet står nedanfor inntaket. Tilrettelagt, alternativ sommartrase på venstresida av skaret. Denne ruta er ikkje mogleg å gå på på vinterføre (vinter/vår).



Bildet er frå bekkeløp på venstresida av Rennedalsskaret. Denne bolta/sikra ruta følgjer parallelt med Rennedalen og er tilrettelagt (ikkje T-merka) for fotturistar av Statkraft Mauranger i samarbeid med Kvinnherad Turlag.



Når ein kjem opp Rennedalen, kan ein oppleva dette utsynet mot Nordfonna og Rennedalen. (bilde s.3)

Ved å nytta stien ("snarvegen") frå Rennedalen som tilkomst til Folgefonna og Fonnabuhyttene, kan ein gå turen på om lag 2 timar. Difor vert denne ruta mykje nytta av lokalkjende og breførarar både til fots og på ski.

Konsekvensar ved auka vassføring i Rennedalen

Vinter og vår er det berre mogleg å gå i sjølve skaret, der elva renn ned til inntaket.



Skitur frå Folgefonna og heim via Rennedalsskaret, januar 06. Foto: A.K.Enes

Vi fryktar at ei auka vassføring i elva ned til inntak i Rennedalen, vil utgjera ein stor fare for ferdsle på seinvinterstid og vår.

Våren er den finaste tida for skiturar på og rundt Folgefonna. Då er ruta frå Rennedalen svært mykje brukt, avdi ein kan køyre opp til p-plass Rennedalen 600 moh. og såleis slepp å bera skia heile vegen frå Bondhus/Sunndal. (m.a. dokumentert i besøksprotokollar ved Fonnabu)

I periodar når elva renn under snøen, skjer det ei undergraving som lagar snøbruer i området på biletet der desse personane går. Det er desse snøbruene som er ein risiko og som vi fryktar vil bli verre ved auka vassføring.



Personen på biletet går på ski via Rennedalsskaret. Middagsvatnet til venstre. Trombetjørnane til høgre. Biletet er teke ved Gjeldfeskaret, der den gamle turistvegen, også kalla Keisarstien, passerer.

Området er mykje nytta til friluftsliv, sjølv om stien ikkje er merka. Vi meiner difor at konsekvensvurderinga av friluftslivet i fagutreiinga ikkje er god nok.

Merknad til referansar / kjelder

Det er ikkje oppgitt kva kjelder som er kontakta i Kvinnherad Turlag. Dette burde ha vore med i referanselista.

Kvinnherad Turlag kan ikkje sjå at det er fordeler ved denne utbygginga som overgår friluftinteressene, opplevings- og landskapsverdi.

Det er omfattande kraftutbygging i Kvinnherad og vi meiner at ein må ta omsyn til sumverknadene. Dei 13 prosjekta i "Folgefonnaapakken" må ligga til grunn i vurderinga.

Med helsing
Anne Kari Enes
Styreleiar